

Til grunneigarar, naboar og
offentlege instansar

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
E-post:
post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Valestrandsfossen 26.10.2023

Varsel om oppstart av privat detaljregulering

Med heimel i Plan- og bygningsloven § 12-8 varslast det med dette oppstart av privat reguleringsarbeid for detaljplan:

DETALJREGULERING FOR SKUTEVIKA. FOR GNR. 38, BNR. 2 MFL. MASFJORDEN KOMMUNE.
PLANID: 4634 2023 001

Planområdet

Planområdet er på om lag 20,27 daa og er lokalisert på Kvingo i Masfjorden kommune. Planområdet omfattar hovuddelen av gbnr. 38/2, samt delar av eigedomane som ligg langs tilkomstvegen Åbakken. Området består av eit eksisterande næringsområde, som nyttast av Mowi ASA til settefiskanlegg.

Om planarbeidet

Føremålet med planarbeidet å utarbeide ein reguleringsplan basert på eksisterande situasjon. Ein vil samstundes legge til rette for at anlegget kan oppgraderast, innafor dei rammene som dagens tiltak sett.

Planstatus

Planområdet er i gjeldande kommuneplan sett av til næringsbygningar, LNFR-areal, LNFR – spreidde bustader og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Planen medfører etter kommunen si førebels vurdering ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kapittel 4 i plan- og bygningslova. Initiativtakar med plankonsulent har utarbeidd eit planinitiativ og det er halde oppstartsmøte med kommunen. Sjå vedlagt planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet.

Forslagsstillar og utførande konsulent

Planarbeidet utførast av Arkoconsult AS på vegne av Mowi ASA. For utfyllande informasjon kan ein ta kontakt med Arkoconsult AS.


Innspel og merknadsfrist

Eventuelle innspel kan sendast til plankonsulent innan 19.11.2023. Alle mottekne dokument, innspel o.l. følgjer planforslaget når det vert oversendt til kommunen.

Etter merknadsfristens utløp vil reguleringsplanen utarbeidast. Planforslaget sendast til Masfjorden kommune for saksbehandling. Etter førstegangsbehandling leggjast planen ut til offentlig ettersyn i minimum 6 veker. Man har då ein ny anledning til å komme med merknadar før vidare handsaming.

Innkomne merknadar svarast ut i eit eige skjema som følgjer som vedlegg til planmaterialet. Vi gjer merksam på at kvart enkelt innspel ikkje vert svart på direkte til merknadsstillar.

Forslag til planavgrensing:



Med vennlig hilsen/Best Regards

Ane Netland Rolland
Arealplanlegger

Direkte: +47 47855616 | Felles: +47 56390003

E-post: ane@arkoconsult.no | www.arkoconsult.no